

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 16. søndag i treeningstida – 16. september 2012

Preiketekst: Mat 5,10-12

Lesetekst I: Sal 13, 2-6

Lesetekst II: 1 Pet 4, 12-19

## Forfølgde for rettferds skuld

### *Til dagen*

Tema for søndagen kan vere vanskeleg for oss å seie noko truverdig om. Samtidig er det meir aktuelt enn nokon gong. 2-300 millionar kristne lever i samfunn der ein må rekne med ein motstand mot kristen tru og vedkjenning på ein slik måte at det må kallast forfølgning. Ikkje minst er det svært aktuelt i alle landa i Midt-Austen.

Temaet er neppe tekstforfattarane sin favoritt. Mellom salmar og songar finn vi likevel Arve Brunvolls djupe og gode “Du Gud frå alle æver” med vekt på tredje versets spørsmål etter Guds makt og velde midt i trengslene. Ei tilbeding som ikkje stikker av frå røyndommen.

### *Til teksta*

Teksta utgjer avslutninga av innleiinga til Bergpreika. Saligprisingane har åtte rytmiske ledd som erklærer salig menneske ut frå ulike vinklingar. Felles for alle er at dei utgjer dei sentrale verdiane i Guds rike, og at desse eigenskapane er Guds gode gåver til dei som tar i mot. Desse har berekraft for tid og æve. Derfor er det ikkje underleg at kyrkja i lange tider har halde saligprisingane som kjernetekst for allehelgensdag. Dei fortel oss kva vi skal strekke oss etter for å følgje i vitnemålet om dei som er døde i Kristus.

Denne teksta tar tak i den siste av desse åtte saligprisingane (v.10). Dei to neste versa bryt med rytmen i det føregåande når Jesus presiserer akkurat denne utsegna for læresveinane. Dei åtte utsegnene adresserer som salige “dei som”. I v.11 vender han dette direkte mot læresveinane og seier “salige er de når ...”. Han underviser ikkje opphøgd teori, men førebur etterfølgjarane sine på det som må kallast normalt i den kristne kyrkja: forfølgning for Jesu namns skuld.

Ordet “salig” (eg beklagar at “sæl” ikkje er skifta ut i nynorskbibelen), “makarios”, handlar om den fremste lykka, den varige lykka, lykka over å høyre til hos Gud. Det er i utgangspunktet ikkje eit ord om det evige, men handlar likevel om den lykka som har evig berekraft, fordi den har kjelda si i Guds gode vilje og kjærleik. Tilseiinga i den siste av saligprisingane knyter tilbake til den første. Det er med Kristi forfølgde som med dei fattige i

ånda, himmelriket er deira. Og himmelriket er det vanlegaste ordet hos Matteus for det som dei andre kallar Guds rike. Kanskje heng det saman med at Matteus sine primære adressatar var jødar. Dei var vande med å bruke "himmel" som synonym for "Gud".

Fattige i ånda og forfølgde. Det er to utsegner som kastar lys over dei som står i mellom. Dei som taper og gir slepp på sitt eige for rettferds skuld, skal ivaretakast av Gud sjølv.

V.11f legg på fleire forklarande ord til dette. Å bli forfølgd for rettferds skuld, er å bli spotta og forfølgd, få falske skuldingar og bli tala vondt om på alle vis - for Jesu skuld. Den som møter dette, skal vite at han eller ho har stor glede i vente i Himmelen. Derfor kan dei juble og glede seg midt i motgang. Jesus peikar bakover i den jødiske historia for å minne om at dei profetane som bar fram bodskap frå Gud, opplevde det same.

Der er gode lesetekster knytt til preiketeksten. Salme 13 er ein av dei sterke klagesongane med ropet "kor lenge, Herre?". Det hjelper oss til ikkje å tale romantiserande om motstand mot trua. Det er beinhard kamp, og nokre maktar ikkje presset. Det har vi ingen grunn til å moralisere over.

1 Pet 4,12ff representerer brevet sitt mest sentrale tema, kyrkja si lidning for evangeliets skuld. Svaret på denne lidinga si gåte kan ikkje bli gitt utan å sjå det i lys av Jesu kors og oppstode og den oppstoda vi sjølve skal få del i. Og vi blir formante sterkt til ikkje å gi grunn til spott og mostand ved å leve annleis enn vi lærer. I alt skal vi halde fast ved eit heilagt liv etter Guds gode vilje.

#### *Til konteksten vår*

Tekstane er høgaktuelle. Gjennom kyrkja si historie har forfølging vore vanleg. NT minner oss primært om den motstanden som dei første kristne møtte i ein jødisk kontekst, sidan dei første kristne i stor grad kom frå synagogen, enten det var jødar eller fromme heidningar. Det er først på 200-talet vi møter meir organiserte forfølgingar mot kyrkja frå romerske styresmakter. Det er heilt sikkert at talet på kristne under trusforfølging aldri har vore større enn i dag. Det heng naturlegvis saman med at det aldri har vore så mange kristne som no, og med at den kristne kyrkja er verdsvid med tilhald i alle verdas land. Men også relativt sett er det grunn til å meine at forfølginga i dag er større enn dei fleste andre tidsepokane som vi kjenner til. Vi må ha lov å minne om at dette er verst i dei muslimsk dominerte landa i verda, saman med dei få kommunistiske regima som framleis fins.

I skrivande stund er det reist blasfemisak mot ei elleve år gamal jente med Downs syndrom i Pakistan. Ho skal ha han lagt nokre sider av Koranen på bålet og risikerer dødsstraff. Slik er lova i eit land der våre trussøsken seier at dei opplever å leve kvar dag med eit sverd i nakken, og mange mistar livet årleg for rettferds skuld. Eksempla er mange.

#### *Autoritære ideologiar*

Vi bør våge å seie at dette også er ein aktuell tekst i Midt-Austen og i Israel i dag. Det vanlege er at kristne får leve i fred så lenge dei held trua si i ro i møte med andre menneske. Dei gamle tradisjonane skal respekterast. Både islam og jødedom kan i dag likevel mobilisere stor aggresjon mot evangelisering og skifte av tru. Fundamentalistisk islam og ortodoks jødedom ligg til grunn for mange situasjonar av utfrysing og brot med familiar. Forfølging treng altså ikkje vere bunden til lovverk og jus, men til dei maktforholda og haldningane som styrer i familiar og klanar.

Ved forkynning av dette er det viktig å halde saman den vonde røyndommen slik mange av trussøskena våre opplever den, med nyansert omtale av kven som står for forfølginga. Poenget er ikkje å henge ut menneske eller grupper av menneske. Derimot må vi våge å tale klart mot autoritære ideologiar, også når det ber kristent forteikn. Det er ikkje minst aktuelt i mange land med austleg, ortodoks dominans, der banda til styresmaktene og koplinga med nasjonalisme er til stades. Mange evangelisk frikyrkjelege lid sterkt under dette i mange land.

Vi må heller ikkje falle i grøfta av å male eit svart bilde av forfølgning slik at folk berre går heim med skrekk og utan håp. Forfølginga må adresserast i den rette konteksten sin, som ei deltaking i Kristi egne lidingar, med tryggleiken om at vi alltid er i Guds hand og blir danna etter hans bilde og vilje - og med håpet om at liding og smerte aldri kan bli det siste for Guds folk. Vi har eit levande og sikkert håp i Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

*Stoda hos oss*

Eg har med dette lagt vekta på eit utsyn mot den verdsvide kyrkja og den openberre forfølginga for Jesu skuld som skjer i mange land. Mange kristne i desse landa vil vende utfordringa tilbake til oss og spørje om vi merkar den trusmotstanden vi sjølve blir utsette for: Negative bilde i media, marginalisering, mobbing i skolekvardagen, yrkesforbod ved tap av reservasjonsrett til å handle mot etisk overtving, opplæring til likesæle i åndelege spørsmål. Vi treng dei fattige og veksande kyrkjene til å tolke vår eigen situasjon slik at vi erkjenner det som den gamle Paulus minna Timoteus om: "Alle som vil leve eit gudfryktig liv i Kristus Jesus, skal bli forfølgde." (1 Tim 3,12) Det hindrar ikkje misjonskallet til å dele evangeliet. Og håpet i Jesus Kristus står fast.

**Rolf Kjøde**

Generalsekretær i Normisjon

[rolf.kjode@normisjon.no](mailto:rolf.kjode@normisjon.no)